

Vestland fylkeskommune
v/Fylkesrådmann
v/Direktør for infrastruktur og veg
v/Fylkespolitikarane

Dato: 19.12.2019
Vår ref: Felles/2/23/231

Bekymring for svikt i den fylkeskommunale vegmarknaden

Maskinentrepenørenes Forbund (MEF) representerer om lag 2 200 medlemsbedrifter på landsbasis, kor av om lag 300 held til i Vestland fylkeskommune. Den fylkeskommunale anleggsmarknaden er svært viktig for mange av disse.

Vi registrerer no auka bekymring blant våre medlemar for at regionreforma og overføringa av tilsette frå Statens vegvesen til fylkeskommunen vil medføre at få fylkeskommunale vegkontrakter lysast ut i 2020. Medlemsundersøkingane våre viser også at det har vore eit betydeleg stemningsskifte i bransjen dei siste månadane; forventningane til sysselsetting og omsetninga i eigen bedrift er meir pessimistiske enn kva vi har sett dei seinare åra.

Ein svikt i den fylkeskommunale anleggsmarknaden vil få store negative konsekvensar i ein bransje der marginane allereie er pressa. Politikarar og byggherrar har signalisert at aktivitetsnivået i anleggsbransjen vil vere høgt dei kommande åra. I likskap med andre bedrifter tilpassar entreprenørane eigen kapasitet til forventa oppdragsmengd.

Av den grunn kan prosjekter som avlysast/settast på vent potensielt få alvorlege konsekvensar for bedriftene – både økonomisk og ved tap av kompetanse. Eksempelvis har vi allereie sett permiteringar i Rogaland, og i Vestland som følgje av at vegkontraktar har blitt avlyst eller utsett. Dette vil særleg ha stor betydning for dei små og mellomstore entreprenørane som i mindre grad deltar i dei store riksvegprosjekta.


MEF har stor forståing for at reforma og omstilling er krevjande. Vi er opptekne av at både Statens vegvesen og fylkeskommunen i denne prosessen prioriterer å sørge for at marknaden for entreprenørane ikkje kollapsar og arbeidsplassar settast på spel. Herunder er det viktig med god informasjon ut til bransjen - Mangelen på føreseielegheit skaper raskt usikkerheit blant bedriftene.

Vi har den siste tida hatt møter med Samferdselsdepartementet om denne problemstillinga. Tilbakemeldinga frå dei er blant anna at det ikkje er formelle hindringar mot at fylkeskommunane kan leige inn konsulentar midlertidig for å få sett i gong prosjekter. MEF vil på det sterkaste oppmode til at fylkeskommunen velger denne løysninga dersom dykk no ser at personellsituasjonen vil vere utfordrande til neste år. Det vil ha stor betydning for anleggsbransjen.

Vi ønsker å bidra til at regionreforma gjennomførast på ein tilfredsstillande måte for både næringsliv og fylkeskommunen. Skulle det vere spørsmål eller behov for tilleggsinformasjon er det sjølvstg berre å ta kontakt.

Med venleg helsing

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)



Paul Olaf Baraas
Regionsjef